



Dok. ref.
20/829-15/K2-K12/8584

Dato:
26.01.2023

Møtereferat etter grunneigarmøte

| | |
|-------------|---|
| Møtetittel: | Møtereferat etter grunneigarmøte om mogeleg utviding av nasjonalparkkommune |
| Møtedato: | 18 januar 2023 |
| Møtetid: | 1400-1530 |
| Møteleiar | Statsforvaltaren i Vestland v/Eline Orheim og Halvor |
| Møtestad: | |
| Deltakarar: | |
| Kopi til: | |

Halvor hadde ein gjennomgang av presentasjonen. Ein av grunneigarane lurar på kva lokal aksept vil sei. Eline Orheim informerer om at det er kommunestyret som sit på det endelege vedtaket. Både for oppstart og etter høyring. Denne prosessen med gjennomgang med grunneigarar og seinare folkemøte er med på å bygge opp under prosessen. Sak som vert lagt fram for kommunestyret er basert på blant anna det som kjem fram i desse møta.

Rundt bordet etter gjennomgangen:

Det kjem spørsmål frå grunneigar angående motorferdsel i samband med vedlikehald av bygg. Eline informerar om at det er mogelegheit for dispensasjon etter verneforskrifta.

Grunneigar: Kva kotehøgde kjem grensa på?

Halvor: antakeleg kjem ikkje grensa nedanfor tregrensa.

Grunneigar som og er representert i skigruppa: det er ein del køyring med snøscooter i vinterfjellet. Han stiller spørsmål kring søknadsprosess.

Eline: motorferdselslova opnar for øvingsområder. Ber om at GPS på løypenettet vert sendt over for kartlegging av mogeleg grenser.

Oppdraget er rundt formulert. Statsforvaltaren er open for innspel på enring av grensene. Grensa vil ikkje gå så langt ned at den treffer på skogsveg.

Grunneigar: Informerer om at Statnett skal oppgradera linja mellom Fortun og Årdal. Dei har gjeve innspel om at dei ønskjer at linjetraseen opp på fjellet. Grensa bør ligga over stølane

Halvor: Ønskjer innspel frå grunneigarane på kva ei fornuftig kotehøgde på vern kan vera. Det er fornuftig å halda stølane utanfor. Stølsområder i nasjonalpark generer mange søknader om dispensasjon.

Kommentar frå grunneigar (Øyvind?): ferdsl med eksempelvis snøscooter generer mange søknader og konflikter og viser til landskapsvernområde med blant anna Fremre og Heimre Hjelledalen.



Grunneigar: stiller spørsmål om ferdsel på vegen inn til Vetti. Elsykkel er forbudt.

Eline: Det har vore eit prøveprosjekt på vegen inn mot Glitterheim på bruk av elsykkel.

Resultatet er positivt. Det ligg på trappene at det kan koma ei endring angående elsykkel og droneflyging i landskapsvernområdet. Dette går parallellt med prosessen om mogeleg utvida nasjonalpark.

Grunneigar: Kva er forskjell på Landskapsvernområde og nasjonalpark?

Statsforvaltar: Organisert ferdsel blir handtert likt. Forvaltninga er veldig lik. Det er veldig likestilt og nivået på forskriftene på landskapsvernområde og nasjonalpark er ganske likt. I landskapsvernområder er ulike tekniske installasjonar tillatt. Ein oversikt/tabell over kva som er tillatt i hhv LVO og NP kan vera ein del av høyringsdokumentet.

Grunneigar: Når Statsforvaltaren seier at stølsdrift innanfor NP er umulig, betyr det at dei eksisterande stølane innanfor grensa skal rivast?

Eline: Nei. Det er fornuftig å leggja grensa utanom eller over alle desse stølane. Vurdera å ta inn dispensasjonsreglar som kan «arvast» etter forskrift for LVO.

Eline: Kva er det mest kontroversielle med det som blir lagt fram her? Er det problematisk med ei utviding?

Grunneigar: Det praktiske, kva det vil ha å sei direkte for oss som grunneigar som skal bruka hyttene som allereie står i området. Kva konsekvensar får det for hytter, tilkomst, turløyper osv.

Dei nemner at kommunen kan nytta det som reklame for enda større NP.

grunneigar seier at dei er vande til å bruka området. Dersom dei ser rein eller veit at det er villrein i området, så held dei seg unna.

Eline: Teikne gjerne på kartet og vis kva området som vert nytta. Det er veridfullt i prosessen.

Grunneigarar: Syns det er diffust, men er i utgangspunktet positive til eit utvida vern.

Det vart føreslege å få ein jurist til å sjå på saka frå grunneigarane sin stad, også sjå på forskjellane på NP og LVO. Eline kjente til ein jurist i sin organisasjon.

Jorunn Teigen Hellem
Kommuneplanleggar